



E t n e m a r k n a d e n

Postboks 26, 5591 Etne

02. - 05. august 2012

For arrangøren:

Reg. nr./kundenr: .....

Stand nr.: .....

## SØKNAD OM STANDPlass

Utstillar: ..... Epost: .....

Adresse: ..... Tlf/Mob: ..... Faks: .....

Postnr: ..... Stad: ..... Nettstad: .....

Organisasjonsnr.: ..... (må fyllast ut) Kontaktperson: .....

### Vi søker med dette om følgende utstillingsplass:

#### UTESTANDAR:

		Alle priser er eks. mva	
<b>Utestand u/tak:</b> (Bubil/Camp.vogn tilknyttet stand skal reknast med i standareal)	(minsteareal 20 m <sup>2</sup> , min. djupne 5 meter) For for dei første 30m <sup>2</sup> , kr. 145,- pr. m <sup>2</sup>	x	..... m <sup>2</sup> kr .....
	Overskytande 30 m <sup>2</sup> , kr 63 pr. m <sup>2</sup>	x	..... m <sup>2</sup> kr .....
<b>Utestand u/tak:</b>	3x3 meter kr. 2400,-	x	..... stk kr .....
<b>Utestand m/tak:</b>	Ekstra modul 3x3 kr 1800,- pr. stk. 3x5 meter (få plassar) kr. 2400,-	x	..... stk kr .....
<b>Teltbestilling (inkluderer opp- og nerrigg)</b>	<input type="checkbox"/> 3x3m kr. 2.200,- <input type="checkbox"/> 3x6 m kr 3.400,- <input type="checkbox"/> 3x9 m kr 4.600,- (inkluderer opp og nerrigg)	x	..... stk kr .....

#### INNESTANDAR I NY IDRETTSHALL

Alle innestandar er berekna på 3 meter djubde, og 3 meter pr modul i lengde. Anna type, eller større areal må avtalast direkte med arrangør.

	3x3, 9m <sup>2</sup> , 345,- pr m <sup>2</sup> : 3105,-	.....	m <sup>2</sup> kr .....
	3x6, 18m <sup>2</sup> , 295,- pr m <sup>2</sup> : 5310,-	.....	m <sup>2</sup> kr .....
	3x9, 27m <sup>2</sup> , 265,- pr m <sup>2</sup> : 7155,-	.....	m <sup>2</sup> kr .....
	3x12, 36m <sup>2</sup> , 245,- pr m <sup>2</sup> : 8820,-	.....	m <sup>2</sup> kr .....
	3x15, 45m <sup>2</sup> , 225,- pr m <sup>2</sup> : 10125,-	.....	m <sup>2</sup> kr .....

**Veggstand i kunst/kunsthandverk avdelinga:** Pr. lengdemeter vegg kr. 315,- ..... lm kr .....

**Informasjonsstand, ubemanna:** pr. lengdemeter 315,- ..... lm kr .....

**Adgangskort Ekstra ID-kort:** 2 ID-kort er inkl. (gjeld alle dagar)  
For utstillarar kr. 105,- ..... stk kr .....

**Køyre-/parkeringskort:** For bil på stand/utstillarparkering kr. 40  
(1 kort pr stand er inkludert) ..... stk kr .....

**Behov for 3-fasa straum:**  16A /570,-  32A/650,-  63A/850,- ..... stk kr .....

**Behov for vatn-tilkobling:**  kr. 390,- (Hugs eigen slange min. 25m) ..... stk kr .....

Sum kr .....

+25% mva kr .....

Vi stiller ut følgande produkter (Kun oppførte produkter kan selgast/stillast ut):

Totalt kr .....

Nye søkjarar/utstillarar må leggja ved dokumentasjon, foto, nettsideadresse o.l som viser vareutval/produkt som skal selgast.

Særlege ønsker/behov vedkommande standen/plasseringa:

**Har produkta krav til godkjenning av Mattilsynet?** (Utstillar er sjølv ansvarleg for å melde inn salsbod)

Krav – Kryss av  Ja  Nei

Arrangør kan desverre ikkje skaffa bord, stolar, tilbehør, innredningar, skaper, oppheng mm. Dette må enten takast med eller bestillast gjennom vår samarbeidspartnar på messeutstyr, messekompaniet.no. Ekstraustyr kan bestillast etter at du er tildelt stand. Påmeldinga er bindande. Alle som søker før 15.4. får tilsend stadfesting av standplass og faktura innan mai månad. Ingen refusjon av standleige etter at standplass er bekrefta.

Telefonspurnader om Etnemarknaden kan rettast til: Dagleg leiar Vidar Lund, tlf.: 53 75 66 94 / 93 45 88 89 / Faks: 53 75 69 70  
e-post: post@etnemarknaden.no, internett: www.etnemarknaden.no

Me har gjort oss kjende med utstillarreglane

Kryss av  Signatur \_\_\_\_\_ dato \_\_\_\_\_

# UTSTILLARREGLAR ETNEMARKNADEN

1. Utstillarsområdet er i og utanfor SKAKKE Senteret og Enge Skule. Utstillarane får tilvist utstillarplass av marknadsnemnda. Dag og natvakter fører tilsyn med området.

2. All ferdsel på utstillingsområdet og tilgrensande areal skjer i samsvar med

retningslinjer for trafikkregulering fastsett av marknadsnemnda. Det kan berre parkerast på tilviste plasser. Er bilen ein del av standen må du ha grønt p-kort. Bilar på utstillarparkering fordrar raudt P-kort.

3. Ingen utstillar blir registrert før påmeldingsskjemaet ligg føre hos marknadsnemnda i utfylt og underskreven stand. **Påmeldinga er bindande i frå den dagen den er motatt og utstillaren hefter for standleige.** Etnemarknaden er ikkje pliktige til å tilbakebetala standleiga uansett årsak. Framleige av utstillingsplass er ikkje tillete. Salsutstillingar skal vere under tilsyn av personale frå utstillaren i den daglege opningstida. Utstillaren kan ikkje utan løyve reise frå standen før messa er slutt.

4. Innestand blir levert utstillaren med ferdige standvegger. Utestand blir levert utstillaren

med markert avgrensing utan avskjerming. Obs! Hugs å rekna med drag på salsvogner/campingvagner når du bestiller plass. Ekstra opplegg med stikkontaktar, skøyteledningar, spotlights, bord, stolar m.m må utstillaren sjølv ha med, eller bestille og betale etter rekning gjennom våre samarbeidspartnarar på messeutstyr. Ved bestilling av vatn må utstillar sjølv syte for tilstrekkelig lengde slangar (min. 25m)

5. Påmeldingsfristen står på påmeldingsskjemaet. Marknadsnemnda tek undan

retten til å avslutte registrering av utstillarar eller eventuelt redusere påmeldt areal dersom utstillinga skulle bli fullteikna før påmeldingsfristen går ut. Marknadsnemnda har høve til, utan å oppgi grunn, å forkaste påmeldingar, refusere utstillingsvarer og justere tildelt areal. Marknadsnemnda har den endelege avgjerdsla på fordeling av utstillingsplassene. Utstillarar som tek seg til rette på andre plassar enn den som er tilvist, kan visast bort frå marknaden.

6. Betalingsvilkåra står på påmeldingsskjemaet. Dersom betalingsvilkåra ikkje er oppfylt medfører dette tap av tildelt standareal. Marknadsnemnda har i såfall rett til å leige dette ut på ny til andre utstillarar.

7. **Kun varer/produkt som er påmeldt kan visast på utstillinga.** Utstilte varer/produkt må ikkje fjernast frå utstillinga i utstillingstida utan skriftleg samtykke frå marknadsnemnda. Det er ikkje høve til loddsal frå standen eller andre stader i marknadsområdet. For utstillarar som sel matvarer må salsinnretningar og vareutval vera godkjend av mattilsynet i bustadkommunen. Godkjeningsbevis skal takast med og visast ved eventuell inspeksjon.

8. Plakatar o.l. kan ikkje setjast opp på messeområdet utan at det ligg føre særskilt løyve frå marknadsnemnda. Vareprøver og reklamemateriell kan berre delast ut frå eigen stand.

9. Demonstrasjonar, utdeling av vareprøvar, bruk av film, lydband, video o.l. må det meldast frå om til marknadsnemnda på førehand. Bruk av taleforsterkarar er ikkje tillete. Annonsering for enkeltfirma/utstillar over høgtalaranlegg er ikkje tillete.

10. Salg, ordreopptak og kontraktsslutningar er tillete. Marknaden har salgsløyve for alle utstillarar.

11. Utstillingsplassane blir stilt til rådvelde for utstillarane frå tysdag morgon kl.12.00. Dersom ein har behov for tidlegare oppmøte, må ein kontakta Etnemarknaden. Utstillaren må sjølv syte for all transport, montering, demontering, pakking og bortkøyring av emballasje, egne varer og dekorasjonsmaterieil. Monteringa må vere ferdig og all emballasje teken bort innan torsdag morgon kl.10.00. Demonteringa startar søndag ettermiddag etter at utstillingane er stengt. All gods må vere fjerna seinast måndag kl.18.00. Innkjøring av varer under marknaden er kun tillatt før me opnar eller tidligast 30 minutt etter stengt tid, dette av sikkerhetsmessige hensyn.

12. Utstillarane er ansvarlege for skader som dei påfører bygningar, innreiingar, anlegg og personar. Utstillarane må sjølv ordne med forsikring av sin stand. Marknadsnemnda tek ikkje på seg ansvar for dei utstilte varene, utstyr eller tredje person sine eigendeler. Ved mykje nedbør er utstillar sjølv ansvarlege for å sikra varene sine.

13. Når utstillinga er demontert, skal standen leverast attende fri for dekorasjonar, spiker, fundament o.l. Ved eventuell forsømming av dette, har marknadsnemnda rett til å utføre opprydding på utstillaren si rekning.

14. Marknadsnemnda tek undan rett til å avlyse marknaden eller deler av denne dersom det syner seg uråd å gjennomføre tilskipinga på grunn av t.d. force majeure, krig, terroråttak, brann, vasskade, eller ved større skader på bygningar eller tekniske skader på utstillingsområdet og enkeltstandar. Ved **avlysing i samsvar med desse punktet i utstillingsreglane, skriv marknadsnemnda frå seg ansvar overfor utstillarane som følgje av avlysinga. Marknadsnemnda er ikkje pliktig å betala attende leige som er betalt inn på førehand.**

15. Alle standar skal ha minimum 1 stk 1kg brannslukke-apperat. Dei som manglar slikt apperat vil bli pålagt å skaffa dette før utstillinga opnar. Kontroll vil verta gjennomført og branninstruks følger med i velkomstmaterieil.

**Då ynskjer me hjarteleg velkommen til Etnemarknaden! Helsing Marknadsnemnda.**